

Planforum, 21.03.18

Sogndal, revisjon av arealdelen, kommuneplanen

Frammøtte: Torbjørn Hasund (FK plan), Stine Mari N Leirdal (FK statistikk og analyse), Heidi Sandvik (FM), Finn Ivar Lid (FK samferdsle), Glenn Heine Orkelbog (FK kulturminne), Cornelis Erstad (Sogndal kommune), Hilde Bjørnstad (Sogndal kommune), Ole Jakob sande (NVE), Oddgeir Aardal (FM landbruk), Jens Remø (Statens Vegvesen, region Vest), Mari Severinsen (FM beredskap), Stig Morten Tengesdal (FM beredskap), Marianne Bugge (FK plan)

Litt om planarbeidet:

Sogndal skal vedta ny arealdel før 2020 (men skal inn i storkommunen frå 2020, og vil ikkje bruka for mykje ressursar på denne runden av den grunn). Det var ein grundig gjennomgang sist revisjon. Korte tidsrammer for planarbeidet. Oppstart april, vedtak i desember.

Pkt. 1. Hodlekve skisenter

Området er føreslått utvikla vidare med trase for skiheis/gondol frå Stedjekammen til Kambafjellet. I gjeldande KPA er området sett av til LNF, og er omfatta av omsynssone H720 «bandleggingssone for regulering». Bandlegging i påvente av vedtak er tidsbegrensa til fire år, jf. pbl § 11-8 bokstav d. Desse åra har no gått.

Tidsavgrensinga er no overskride - Sogndal kommune spør om dei må søkja Departementet om forlenging av båndlegginga?

Sandvik (FM): det er ikkje høve til å starte ein ny bandleggingsperiode gjennom å vedta ny kommuneplan. Reglane om forlenging av bandlegging er styrt av § 11-8 d, og skal skje ved søknad om forlenging til departementet (NB. delegert til Fylkesmannen i T-6/96, jf. T-2/09).

oppfølging: Må søkja båndlegging, ønskjer å få avklaring via planprosessen. Korleis går kommunen fram? (FM v/Arnt Erik Nordheim følg opp)

Orkelbog (FK Kultur): Innafor området, sjølv om det allereie er gjort ein del registreringar –ligg framleis kulturminne som bør beskyttast med omsynssoner. Fleire nyare tids kulturminne, og «vanlege» kulturminne. Mange stølsanlegg i området.

Oppfølging Orkelbog: Status kulturminne innafor planområdet. Kva/korleis det må omsyntakast.

Sande (NVE): Aktsemdsone for flaum og snøskred i samband med den planlagde gondolbana må omsyntakast.

Remø (Vegvesenet): Færrast mogleg kryss/avkøyrslar.

Sogndal, Cornelis Erstad: Det er 4 alternativ til løysingar på kryss. Ny beredskaps-ROS på gang for det aktuelle området no

Sogndal, Hilde Bjørnstad: kan ein gå ut over Arealplanen sitt arealformål ved utarbeiding av ein detaljplan? Ein reknar ikkje med å treffa heilt med områdeavklaringar p.g.a. private initiativ.

Sandvik (FM): Ein kan regulera i strid med arealplanen. Områdereguleringsplan med KU vil gi ei grundig avklaring av arealbruken – og ny plan går før eldre plan for same areal.

Torbjørn Hasund (FK plan): Mest ønskeleg å ta det i overordna plan

Sandvik (FM): Dette handlar om å finne ei praktisk løysing. Det er sjølvstøtt høve til å utvide byggeområdet i ein områdeplan, og det har vel først og fremst betydning for om KU-arbeidet skal gjerast på overordna nivå (KP) eller på tiltaksnivå (omr.reg.).

Viss spørsmålet gjeld kor små/store utvidingar som kan gjerast i omr.reg. (avvik frå KP) utan at det krev ny KU, er det dessverre uråd å svare på. (etter at kriteriet om 15 daa vart oppheva, er det lite å gå på i dagens forskrift.)

Sjå evt. lengre svar til Flora kommune om spørsmålet:



Spørsmål om
KU-forskrifta - mind

Pkt. 2. Massedeponi-massehåndtering

Sogndal kommune: Ønskjer å få «litt orden» på kvar massar frå ulike prosjekt skal lagrast. No-situasjon: dispensasjonar her og der. Entreprenørar etterspør òg plan for masselagring. Dei har behov for større areal ikkje langt frå tiltaksområdet.

Remø (Vegvesenet): Kortast muleg avstand mellom prosjekt og masselagring.

Sandvik (FM): Positivt at kommunen vil ta tak i dette, unngår dispensasjonar. Stryn kommune har eksempel på korleis det kan gjerast. Det er viktig å skilje mellom reine og ureine massar – dette vert og kontrollert. Deponering av ureine massar må avklarast med FM. Dersom det vert midlertidig lagring (inntil 3 år) er det andre omsyn.

Aardal (FM landbruk): Viser til rettleiar frå Hordaland: [Jordmassar frå problem til ressurs](#). Når det gjeld mellomlagring av matjord: Må få ei fornuftig etterbruk, fortrinnsvis til jordbruk. Viktig tema, bra de tar det med.

Hasund (FK): Greit å avklara dette i overordna plan, vert truleg meir utfordrande å få til god løysing på detaljplannivå.

Sandvik (FM): Avklaring i arealplanen vert den same i høve midlertidig eller permanent massedeponering. Vidare avklaring går gjerne etter forureiningslova i høve ureine/reine massar og krav.

Remø (Vegvesenet): kan vera lurt å opna for innspel frå innbyggjarar på moglege stadar i aktuelle definerte område

Sande (NVE): Nærleik til vatn og vassdrag, skred, grunntilhøve m.v. må avklarast i høve plassering av massedeponi.

Sandvik (FM): Avklaringar må og gjerast med omsyn til naturtilhøve.

Pkt. 3. Mundal sentrum

Vil gjera det enklare å bygga og bu i Fjærland. Gjeldande reg.plan er gamal, og treng ei oppgradering. Vil invitara til eit samarbeid med kultur.

Orkelbog (FK kultur): Fjærland kyrkje er listeført. Lite andre registrerte kulturminne i omr. men kjem an på kvar ein planlegg. Vert det snakk om tiltak i landbruksjord vert det truleg krav om arkeologiske utgravingar.

Sogndal, Cornelis Erstad: Initiativet kjem frå Fjærlandsbuarar og politisk. Innbyggjarane føler seg veldig hemma av det vernet som ligg i dagens plan. Ønskjer ei oppmjuking for å ha moglegheiter til utvikling. Målet er i hovudsak å få til ting i eksisterande bygningsmasse og mellom bygg – ikkje ta nye jordbruksområde i anna bruk.

Oppfølging: Knut Åland , Arlen Bidne og G.H.Orkelbog føl opp vidare.

Severinsen (FM beredskap): Viktig med fokus på det branntekniske

Pkt. 4. Oppheving av eldre reguleringsplanar

Sandvik (FM): Ein kan ikkje oppheva eldre reguleringsplanar gjennom rullering av kommuneplanen. Ved vedtak av ny kommuneplan vil denne gjelde framfor eldre reguleringsplanar ved motstrid (§ 1-5), men elles gjeld reguleringsplanane side om side med kommuneplanen, og utfyller kvarandre der det ikkje er motstrid.

Ein eldre reguleringsplan som «fell bort» ved at ny kommuneplan viser anna arealbruk, har ikkje lenger rettsverknad etter § 12-4, jf. § 1-5, men planane vert liggande «lag-på-lag», og eldre reguleringsplan kan bli vekt til live att, eks. dersom kommuneplan blir oppheva, endra eller kjent ugyldig.

Sandvik (FM) Om Prosessen: Krava er dei same som for nye reguleringsplanar, jf. § 12-14 (1), dvs. oppstartsvarsel, offentleg ettersyn og slutthandsaming m/vedtak i kommunestyret. Det er ikkje krav om KU eller særlege omfangsrrike utgreiingar, jf. at KU-krav gjeld for nye planar for utbygging, men det bør vere ein forenkla (plan)omtale om bakgrunnen for opphevinga, og verknaden av endringa mv., jf. § 4-2. Det er ingenting i vegen for å køyre denne prosessen parallelt med kommuneplanprosessen, men ikkje som del av kommuneplanen. Reguleringsplanane som er føreslegne for oppheving, kan varslast samla og leggjast ut til ettersyn samla. men kommunen bør vere påpasseleg med å gjere separate opphevingsvedtak for kvar plan ved slutthandsaminga.

Oppheving av reguleringsplan er enkeltvedtak med klagerett, jf. PBL § 1-9. Motsegsreglane vil i prinsippet også gjelde, og kan m.a. vere aktuelle ved regulert bygningsvern o.l.

(Eg kjenner elles til at Flora kommune vurderer ei tilsvarande «opprydding» m/oppheving av gamle reguleringsplanar, i forbindelse med ny sentrumsplan (uformelle samtalar på plansamling i november). Ein kontakt dit, for å undersøke korleis Flora har lagt opp prosessen, kan vere eit tips.)


Pkt. 5 Kaupanger næringsområde

Implementering av analysearbeidet på Kaupanger i arealplanen.

Orkelbog (FK kultur): kulturminnefaglege vurderingar: To område avsett til vern. Eitt bak 2 feltet (Bjørk Nord): miljøverdiar-utmarkskulturminne. Haugen gard (på vestsida av vegen) inneheld SEFRAK registrerte bygningar-meldepliktige. Område 2: Trekullproduksjon

På Vangestad: vikingområde, vil krevja utgravingar ved tiltak her. Ved innkøyring til ev. ny flyplass: Stor gravhaug – automatisk freda.

Frå Fylkesatlas:



Remø (Vegvesenet): Fokus på sikkerheit for gåande/syklande ved kryssing av fv, og i samband med plassering av bustadfelt.

Vegkryssinga ved Toyota er mykje brukt, men denne er ikkje god. Denne overgangen vart regulert i 2014 til undergang – Vegvesenet leitar etter finansiering.. Her er òg 80 grense.

Sogndal, Cornelis Erstad: Det er ikkje avklart trasè for ny veg gjennom Kaupanger. Oppmodar Vegvesenet om å vera kopla på prosessen med arealplanen.

Severinsen (FM beredskap): Viktig å avklara kva typar næring som vert lokalisert kvar i høve trygg utbygging, sikkerheit. Mellom bustader og næring, m.m.

Sandvik (FM): Mogleg verna område har feil avgrensing (i moglegheitsrapporten) i høve naturbasen. Omr. skal kanskje ikkje vernast, men skal omsyntakast. Rådet er å halde seg vekke frå område registrert i naturbasen.

Sande (NVE): Vedr. vassdrag som går gjennom området. Ein må sikra tilstrekkeleg areal knytt til desse områda ved meir planlegging av «harde flater». Bør gjerast vurderingar knytt til dette.

Sandvik (FM): Kantsoner er òg viktig for biologisk mangfald.

Severinsen (FM Beredskap): Ved meir planlagte harde flater er det viktig å ha plan for håndtering av overvatn.

Lid (FK samferdsel): Det er to alternativ til ny veg til flyplassen: avkøyrsløp ved Vesterland – ny veg, eller utbetringar av eksisterande veg.

Pkt. 6 Medverknad – siling av innspel til planen

Oppgåve: *reduere ressursbruk på handsaming av innspel til enkeltsaker.*

Sandvik (FK): Iflg. orientering i planforum fastsette Førde kommune kriteria for «siling» av innspel for å kunne styre planprosessen betre. Det er ikkje noko til hinder for å fastsette slik prioritering, men det kan vere nyttig at køyrereglane er forankra hjå planstyresmakta i og ved vedtak av planprogrammet.

Kommunen har for ordens skuld plikt til planlegging, jf. § 11-1, og planlegginga skal omfatte heile kommunen (§ 11-5). Kriterium for siling av innspel må derfor sjølvstøtt vere objektive, saklege og planfagleg funderte.

Private partar har for ordens skuld ikkje krav på at kommunen handsamar innspel om arealbruk til kommuneplanen, jf. § 3-3. Kap 11. i lova har ingen tilsvarende lovregel om forlagsrett som § 12-12. Det vil sjølvstøtt høyre til god skikk å svare på brev. Dersom eit innspel blir avvist fordi det bryt med kriteria som er fastsette på førehand, vil ei tilvising til dei aktuelle punkta vere tilstrekkeleg.

Kommunen pliktar å leggje til rette for reell medverknad, jf. § 5-1. Avvising av innspel utan særleg handsaming bør følgjeleg innfri visse minstekrav til vurdering/grunningjeving. Kommunen organiserer sjølv kommuneplanprosessen jf. § 3-3.

Pkt. 7 Verneskog på Stedjeåsen

Oppgåve: *skredsikring*

Byggeområda på Stedje ligg utsett til mtp. skred. Det er i skredrapportar tilrådd å nytte skogen som skredsikring.

Prosessen med å etablere verneskog.

Sande (NVE): Naturskadeforum arbeider med lovverk knytt til slikt vernearbeid. Med i Naturskadeforum er m.a geolog Odd Are Jensen frå seksjonen SKF (skredkunnskap og formidling) i NVE og fylkesskogmester i Hordaland.

NVE sine retningslinjer 2/2011 [Flaum og skredfare i arealplanar omtalar tema på s. 21. Verneskog kan setjast av som omsynssone i kommuneplan eller reguleringsplan, alternativt starte prosess etter skoglova.](#)

Aardal (FM landbruk): To moglegheiter: Omsynssone i kommuneplanen eller starta prosess etter skogvernlova §12 (FM er kontakt)

Det er «ikkje berre» å setje av areal til ein verneskog. Skog er eit dynamiske system, treng skjøtselsplan. Lite erfaringar med gran i denne samanheng. Meir realistisk å vurdere rasvoll?

Oppfølging: *Aardal vidareformidlar meir info om dette til Sogndal kommune.*

Aardal (FM landbruk) : Ikkje mange som nyttar denne type vern i fylket. Meir i andre fylket. Kan gå på andre omsyn utover naturfare (skredfare, m.m.). Vern av biologisk mangfald og liknande. Denne type vern gir ikkje erstatningsansvar overfor grunneigar.

Sandvik (FM): Omsynssoner etter PBL kan brukast. Mest aktuell er truleg sikringsone etter § 11-8 a, med føresegner som forbyr tiltak og verksemd (hogstforbod, jf. § 1-6).

Sande (NVE): Student ved HVL som har skrive oppgåve om verneskog i Stedjeåsen.

Oppfølging: NVE: Vidareformidlar presentasjon vedr. tema frå møte i Møre og Romsdal – sender til Sogndal kommune. Har og døme på føresegner knytt til slike verneområde som kan sendast.

Pkt. 8. Tiltak i LNF-område

Oppgåve: *Det er etterspurt oppmjuking av føresegn til LNF-område for gjennomføring av enkelttiltak utan dispensasjon eller reguleringsplan.*

Politisk ønske om liberalisering av handlingsrommet innafor LNF – område.

Sandvik (FM): Det er ikkje moglegheiter for å unngå dispensasjon i LNF. Vanskeleg å treffa med inndelinga LNF-spreidd t.d. Men ein kan laga reglar og kriterier for korleis ein skal handtera og vurdere disp.saker.

Hordaland har eit døme på korleis dei har løyst dette.

Viss ein opnar for LNF-spreidd, skal det konsekvensutgreiast i overordna plan.

Sande (NVE): For Stedjeåsen sin del t.d. kan ein ved bruk av omsynssone leggja inn føringar for type tiltak. Ingen unntak for sakshandsamingsreglane.

Sandvik (FM): Kor vidt eksisterande hytter bør settast av til LNF-spreidd, må vurderast konkret. Det kan vere uoversiktleg å sette av mange små område for spreidd utbygging (heilt ned på enkelthytte-nivå). Der fleire hytter ligg i rimeleg nærleik, kan desse gjerast til del av same område for LNF-spreidd, med føresegner om utbygging. Dette kan vere formålstenleg dersom ein ønskjer å tillate mindre utvidingar på eksisterande hytter som i dag ligg i LNF, eks. føresegner om «*påbygg inntil x m²*». Utan slike føresegner vil alle tiltak i LNF, som ikkje er i samsvar med arealformål, måtte handsamast etter § 19-2.

Det er ingen måte å «unngå» dispensasjonshandsaming i LNF-område, utanom reglane for spreidd utbygging.

Tiltak i samsvar med plan (landbrukstiltak) kan styrast fullt ut gjennom føresegner etter § 11-11 nr. 1. Andre typar utbygging skal følgje framgangsmåten i § 11-11 nr. 2, eller kap. 19.

Vi har (heilt sidan før 2012) vore kategorisk avvisande til føresegner om utbygging i LNF, der formålet er å unngå at slike tiltak krev dispensasjon.

Viser som tidlegare til FMHO sitt gode rundskriv frå 2013 om nettopp dette temaet, som eg i hovudsak stiller meg bak. Mykje god rettleiing til kommunen der.



FMHO-
LNF-spreidd.pdf



SV Mindre tiltak i LNF - korleis .msg

Sandvik (FM): Spm. Bustadsosialt tema (spes. vedr. Stedjeåsen-stedjevegen sør) FM er kritisk til forslag til løysinga med å samla bustadtilbodet til dei ulike gruppene som treng sosiale bustader. Betre med varierte grupper «naboar». Unngå stigmatisering.. Folkehelseperspektiv.

Sogndal, Cornelis Erstad: Forhold melom folkehelsekoordinator i kommunen og Husbanken korleis ein løyser dette vidare.

Sande (NVE): Ny rettleiar i 2017 frå NVE, sjekklister opp mot arealplanarbeid.